NAUSTDAL KOMMUNE
PLAN OG LANDBRUK

Midtre Naustdal storvald v/ Jan Hove
Hove
6817 NAUSTDAL

Sakshandsamar:
Henning Malones
Telefon:
57 81 61 29
Vår ref.
HM/16/404-8/K2 - K40
Dykkar ref.

Dato:
09.07.2018

Møte om frivillig prøvetaking CWD i samband med hjortejakta 2018

Naustdal kommune er saman med rundt 100 andre kommunar plukka ut med tilbod om frivillig prøvetaking av CWD(skrantesjuke) – prøver.
Naustdal kommune har hatt møte med nabokommunane om opplegget og det er lagt opp til ein møteserie i kommunane rett før jakta.
For Naustdal kommune sin del vert dette informasjonsmøtet halde i kommunestyresalen på kommunehuset torsdag 23 august klokka 19 30

For Naustdal kommune sin del er prøvetakinga frivillig og det vert lagt opp til at det kan takast prøver av felte dyr som er 2 år eller eldre.
På møtet vert det ein presentasjon av korleis prøvene skal takast og korleis registrere data og finne svar på prøvene på www.settogskutt.no
Presentasjonen vert gjort av Vestskog i samarbeid med NINA/Mattilsynet.
Det vert og delt ut sokalla «jegerpakker» som inneheld nødvendig utstyr for å ta prøver av eitt dyr, informasjon om prøvetakinga, merkelapper og ferdigfrankert emballasje for å sende prøven til Veterinærinstituttet.
Vi legg og opp til å ha fleire jegerpakker liggande på kommunehuset ved behov for fleire under jakta.
Denne innkallinga går til vald og storvald i kommunen. Korleis det enkelte vald organiserer dette er opp til kvart enkelt vald. Møtet er i utgangspunktet ope for alle.
Vel møtt !
For meir informasjon om skrantesjuke sjå www.hjortevilt.no

Med helsing

Henning Malones
Fagleiar skog og vilt